

Notat

Dato: 15.10.2018
Arkivsak: 2015/8849-135
Saksbehandlar: BEALIND1

Til: Kontrollutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Oppfølging arkivplikt i selskap fylkeskommunen eig

Vi syner til handsaming av sak 77/2018 Oppfølging - Selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i

Bakgrunn for saka:

Selskapskontrollrapport innan selskapskontroll av arkivplikta til selskap fylkeskommunen har eigarskap i vart handsama i fylkestinget 14.12.2016 der det vart gjort slikt vedtak:

1. På bakgrunn av selskapskontroll av «Arkiv- og journalføringsplikt i selskap i Hordaland fylkeskommune», ber fylkestinget fylkesrådmannen syta for å:
 - a. Utforme retningsliner for arkiv og offentlegheit i selskap dei har eigarskap i. Dette for å sikra at selskapa følgjer regelverket, for å sikre innsyn i selskapa og for å sikre at arkivverdig dokumentasjon ikkje går tapt.
 - b. Følgje opp at det i selskapa er gjort dokumenterte vurderingar av kva krav selskapa er underlagt, knytt til arkiv og journalføring.
 - c. Laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 1.3.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

Status for saka:

Prosessen med å få inn dokumenterte vurderingar gjort i selskapa om journalføring er i gong, men ikkje slutført. Vi ber difor om meir tid til å få full oversikt over alle selskapa sine vurderingar. Det er venta at vi kan gje kontrollutvalet ein oversikt innan 15.11.2018.

Selskapa i tabellen viser kva for selskap som er omfatta av lova. Selskap i fet skrift i tabellen er etter at saka vart handsama i desember 2017, seld eller avvikla.

Når det gjeld resten av selskapa har Hordaland fylkeskommune same eigardel som tidligare. For Opero AS og Gløde AS er eigardelen under 20%.

Askøy Bompengeselskap

Beredt AS

Bybanen AS

Gløde AS** (Eigardel under 20%)

Hardanger AKS AS

Hardangerbrua AS

Hordaland Teater LL

Kveik AS

Moster Amfi- og Kyrkjehistoriske senter

Odda Vegfinans AS

Opero AS** (eigardel under 20%)

Sunnhordland Lufthavn AS

Ferde AS (omtala som Sørvest Bomvegselskap i tidligare oversiktar)

Vestnorsk Filmsenter